

Nærings- og fiskeridepartementet
postmottak@nfd.dep.no

12. september 2017

Forslag frå Fiskebåt om innføring av forbod mot landingar av makrell frå Island og Grønland

Sjømat Norge har registrert at Fiskebåt i brev til Nærings- og fiskeridepartementet har oppmoda myndigheitene om å innføre eit forbod mot landingar av makrell frå Island og Grønland i norske hamner. Sjømat Norge stiller seg sterkt kritisk til forslaget.

Sjømat Norge meiner det er uheldig at kyststatane ikkje har blitt samde om kyststatsavtalar for norsk vårgytande sild, makrell og kolmule dei seinare åra. Over tid er det ikkje berekraftig at kyststatane fastset autonome kvoter, og at det blir fiska og landa vesenleg meir fisk enn kvoteråda frå ICES tilseier.

Sjømat Norge kan ikkje sjå at eit eventuelt norsk landingsforbod vil redusere det islandske og grønlandske makrellfisket. Fisken vil uansett bli fiska og finne vegen til marknaden. Eit norsk landingsforbod vil difor ikkje ha nokon innverknad på fiskeriaktiviteten. Vi kan ikkje sjå at det er formålstenleg å innføre eit landingsforbod i Noreg verken for makrell frå islandske og grønlandske fartøy, eller for andre artar som ikkje er fiska i tråd med kvoteavtalar Noreg har samtykka til.

Erfaringane frå landingsforbodet som Noreg innførte for nokre år sidan for makrell frå Færøyane viser tydeleg at landingsforbod ikkje er vegen å gå. Tiltaket medførte etablering og oppbygging av ein ny og effektiv fiskeindustri på Færøyane. Resultatet vart at norsk landindustri mista råstoff, og at fisken som tidligare vart teken hand om av norske produsentar no blir produsert på Færøyane og seld i konkurranse med norskprodusert fisk. Det var dermed berre den norske landindustrien som vart skadelidande av det norske landingsforbodet.

Kyststatane står i dag utan felles forvaltings- og fordelingsavtalar for norsk vårgytande sild, kolmule og makrell. Det er likevel inngått ein avtale mellom Noreg,

Færøyane og EU for makrell der desse statane er einige om samla kvote og fordelinga av denne kvoten mellom dei tre partane. Island, Grønland og Russland er ikkje ein del av denne avtalen.

Dersom det skal verte innført forbod mot landingar i Noreg for fisk som er fiska av kyststatar for artar det ikkje er kyststatsavtalar for, slik Fiskebåt ber om for makrell, vil det også vere naturleg at tilsvarande tiltak blir vurderte for andre artar utan avtale om forvaltning og fordeling. Legg ein Fiskebåt si tilnærming til grunn kan ein ikkje lande norsk vårgytande sild eller kolmule i andre land enn i heimlandet til fartyet. I samsvar med makrellavtalen, som ikkje er ein felles kyststatsavtale, kan farty frå Noreg, Færøyane og EU lande makrell i hamnene til kvarandre.

Vi minner om at Færøyane har innført ei avtalestridig landingsavgift for å hindre eksport av sild og makrell, utan at det har medført mottiltak frå norsk side eller atterhald frå norsk fiskeflåte med omsyn til landingar til Færøyane.

Sjømat Norge vil mot denne bakgrunnen sterkt åtvare mot forslaget frå Fiskebåt, som vil undergrave norsk fiskeindustri og også ha negative konsekvensar for den norske fiskeflåten.

Med hilsen

Sjømat Norge



Sverre Johansen
direktør industri



Kyrre Dale
fagsjef industri